



Solhytten AS
Welhavens vei 4
4319 SANDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3458 - 17/12361

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
28.04.2017

Ferdigattest hytte - gbnr 60/40 Langenes

Administrativt vedtak. Saknr: 196/17

Tiltakshavar: Steinar Remme

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 02.11.2015. Ved ferdigmelding er det gjort greie for endringar i ansvarsrettar, samt endra plassering. Det vert elles vist til søknad motteken 09.03.2017.

Skildring

Adresse:	Langeneset 163
Bygningstiltak:	Fritidsbygg
Bygningsnummer:	300527145
Bruksareal:	90m ²
Avlaup:	Privat avlaup, gjennom leidning til slamavskiljar og vidare ut i sjø
Vatn:	Privat vassforsyning (borehol)
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for hytte på gbnr 60/40. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3458

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Steinar Remme

Steinviksvegen 5239
404 B

RÅDAL

Mottakarar:

Solhytten AS

Welhavens vei 4 4319

SANDNES